

# Håpar pengane kjem

Har laga ny veg ned til Rogne stadion – no er banen det neste



**– No set vi ein lit til at Oppland fylkeskommune tek kunstgrasprosjektet inn i planane sine.**

**GEIR HELGE SKATTEBO**  
geir.helge@avisa-valdres.no

**ROGNE:** Det seier styreleiar Jon Rabben Lundby og styremedlem Geir Melbye i Rogne IL.

Då avisa Valdres var med på synfaring i Rogne fekk vi sjå ein ny flott veg ned til banen. Berre den åleine var ei nødvendig investering på 350.000 kroner. Dette for å tilfredsstille krav i høve til stigningsforhold og tilgjengelegheit til banen.

## Rogne ikkje Storefoss

– Vi har hatt ein god prosess rundt dette. Under årsmøtet i 2011 fekk vi beskjed om å greie ut prosjektet betre. Det gjorde vi fram til årsmøtet i 2012. No har vi hatt søknaden inne i tre år og håper at vi blir prioritert denne gongen, seier Rabben Lundby.

– Er det rett å leggje banen her og ikkje på grusbanen på Storefoss? Grasbanen i Rogne er jo så fin ser det ut til?

– Ja, vi meiner vi gjer rett. Grasbanen vart laga her i 1983 og vi ser at dreneringa er for dårlig. Vi brukar mellom 25.000 til 40.000 kroner i året på å halde banen i stand. Med den metoden denne banen skal byggjast, er vi avhengig av gode grunnforhold. Difor er det viktig å realisere prosjektet før dreneringa går heilt tett. Skjer

det, må vi prosjektere om og gjøre større masseutskifting, seier Jon Rabben Lundby.

– Når vi no ser at vi må ta att banen, så blir det naturleg å leggje kunstgras–ikkje nytt naturgras. I tillegg er fotballgruppa og idrettslaget einige om den geografiske plasseringa av baner i kommunen. Det er også naturleg for oss å få til eit komplett anlegg her i Rogne, seier dei to.

Dei ser også for seg at dei skal pusse opp den gamle garderoben. Ei ny garderobe og dommargarobere vart laga i samband med siste utbygginga av Solhaug samfunnshus.

– På sikt må også banen på Storefoss rustast opp og Øystre Slidre IL har planar om å pusse opp garderobeanelegget der, legg Rabben Lundby til.

## Vil koste 7,2 millionar kr

– Om fylkeskommunen tek dette prosjektet inn i sine planar, så har Øystre Slidre kommunestyre gjort vedtak på at dei vil forskottere tippemidlane. Dette prosjektet står vi samla om, begge idrettslaget, kommunestyret og KUNN-nemnda, seier Rabben Lundby.

No skal det gjerast ei prioritering innan 5. mai og 27. mai skal endeleg liste opp i fylkesutvalet. Då vil dei få eit svar.

– Vi veit at det er fleire større prosjekt som har søkt støtte i Valdres, blant anna Valdres Storhall på Leira. Men, vi er ikke lengre rekna som «stort anlegg» ettersom vi søker om under 2,5 millionar kroner i støtte. Det er ein fordel, legg dei to til og kryssar fingrane for eit endeleg «go».

## FAKTA

### Rogne IL kunstgras:

- Grasbanen vart laga i 1983 og no vil Rogne IL ta att denne og leggje kunstgras.
- Prosjektet kostar 7,2 mill. kr.
- Dei har søkt om tippemidlar for 2,4 millionar kroner.
- Dei får svar innan 27. mai om dei er med på lista til Oppland fylkeskommune for dei som får støtte.
- I så fall kan dei setje i gang arbeidet i 2015.

**Klar for ny bane:** Geir Melbye (t.v.) og Jon Rabben Lundby i styret til Rogne Idrettslag håper at anlegget kjem inn i planane til fylkeskommunen, slik at dei kan skifte ut naturgraset med kunstgras. Prislappen er på 7,2 millionar kroner inkludert oppmerking og nye mål, men også nye løpebaner, lengdegrop og lysmaster. Berre seks lysmaster åleine har ein prislapp på ein million kroner.